



Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd – 2023-2027.

Partar:

Alver kommune, org.nr. 920 290 922

Alver kulturråd, org. nr. 924 895 489

1. Avtaleperiode:

Avtalen følgjer kommunestyreperioden, og skal fornyast etter kvar ny periode.

Avtalen kan evaluerast og reviderast om ein av partane finn det naudsynt.

2. Mål:

Avtalen skal vere med å:

- a) Fremje best mogleg vilkår for kultur, scene, musikk, kunst og friluftsliv i Alver, og vere ein arena for samarbeid mellom kulturfeltet og kommunen.
- b) Klargjere viktige prinsipp og gjensidige forventningar til samarbeidet mellom kulturfeltet og Alver kommune
- c) Bidra til å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet.

3. Samarbeidsrutinar, høyringsinstans, medverknad

- a) Alver kommune skal hente inn uttale frå Alver kulturråd i saker som vedkjem kulturfeltet i Alver, mellom anna knytt til aktuelle tilskotsordningar, spelemidlar, reglement og betalingssatsar for kommunale bygg og anlegg.
- b) Alver kulturråd skal ta del i planarbeid i kommunen som vedkjem kulturfeltet sine interesser, og involverast tidleg i prosessar.
- c) Alver kommune skal ha dialog med kulturrådet i samband med økonomiplan- og budsjettarbeid.
- d) Alver kulturråd skal vere høyringsinnstans ved aktuelle kommunale planar innan kulturfeltet, og ved oppfølging av kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.
- e) Alver kulturråd og Alver kommune skal gjensidig informere kvarandre i høve saker som vedkjem kulturfeltet i Alver

4. Økonomiske tilhøve

- a) Alver kommune løyver eit årleg tilskot til drift av kulturrådet. Eit slikt tilskot er behovsprøvd, og vert handsama ved årleg rullering av økonomiplanen.
- b) Kulturrådet sender naudsynt dokumentasjon til kommunen som rapportering i samband med rullering.

5. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaar

- a) Kommunen si politiske og administrative leiing, samt leiar/nestleiar i politisk utval som handsamar saker innan kulturområdet, skal møte kulturrådet minst ein gong i året, for å drøfte vilkår og utfordringar for kulturfeltet.
- b) Kontaktpunkt i kommunen er tenesteområde kultur.
- c) Alver kulturråd inviterer kommunen til sitt årsmøte og andre felles møtearena for kulturfeltet i kommunen.
- d) Partane har kvar på si side ansvar for at avtalen vert gjord kjend for kommunale instansar og medlemmar i kulturrådet.

Knarvik, 24.01.2024

Sarah Sætre

Alver kommune

Knarvik, 24.01.2024

Jørn Haland

Alver kulturråd